



# PROTOKOLL ÅRSMØTE 2020 I BORGUND UTVIKLING

**Sted:** Borgund samfunnshus

**Tid:** 10.06.20 kl. 19:30

**Desse møtte:**

Gard E.Guttulsrød, Halvard Lunden, Åge Årdal, Stein Vidar Nemth, Jostein Bøthun, John L Bøthun, Anne Nedrehegg, Arnhild Marie Kvamme, Solveig Gram, Kjell Rune Humborstad , Ronja N. Brattebø, Solgun Haugen

**Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Godkjent, med merknad om at står i vedtektene at årsmøteinnkallinga skal leggest ut på heimesida til Lærdal kommune. Mangla e-post på innkallinga for innsending av innkomne saker.

**Sak 2: Val av møteleiar og skrivar**

Møteleiar: Gard Egil Guttulsrød

Skrivar: Solgun Haugen

**Sak 3: Val av 2 personar til å skrive under møteboka**

1. Arnhild Marie Kvamme
2. Jostein Bøthun

**Sak 4: Årsmelding for Borgund Utvikling 2019**

Gard gjekk gjennom årsmeldinga.

Innspel på at namn deltakarar ulike grupper sentrumsutvikling bør stå i innkallinga, Vart etterlyst informasjon frå styremøter og årsmøter jf vedtekten. Står i vedtekene at dette skal leggest ut på BuiBorgund. Innspel BU sender bør òg leggest ut på heimesida. Profilerer alt styret i BU jobbar med.

Innspela vart tekne til etterretning.  
Årsmelding godkjent.

**Sak 5: Rekneskap 2019**

Gard gjekk gjennom reknskapet for 2019.

Vart oppfordra om å søkja om kulturmidlar neste år.

## Sak 6: Arbeidsplan 2020

### Borgund Utvikling skal jobba vidare med

- Vedlikehalde og oppretthalda [www.buiborgund.no](http://www.buiborgund.no), Facebooksida samt Instagram
- Oppfordra lag og organisasjonar til å nytta heimesida aktivt og Facebook-sida til Borgund Utvikling
  - Legg ut informasjon om kven dei skal kontakta for å få lagt ut ting.
- Koordinere dugnadsarbeid knytt til oppussing av Borgund samfunnshus og skaffe midler.
- Følgje opp arbeid med trafikksikringsplan
- Ide myldring knytt til Kongevegen / Borgund
- Arbeide med å synleggjere Borgund som stad
- Fortsette arbeidet med Sentrumsutvikling
- Arbeide med å gjenopprette Borgund Ungdomslag
- Dugnad i sentrum rundt gamle Berge skule

### Borgund Utvikling skal vera med og arrangera

- Aktivitetskveld for ungdommen på samfunnshuset
- Påskerebus / påskeløp i Vindhella
- St Hans feiring
- Bygdejulebord
- Julegateopning
  - Juletre
  - Quiz/ konkurranse
  - Pynting av julegate

### Faste aktivitetar

- Laga Påske og Juleprogram
- Søkja om kulturmidlar

**Skal elles trø til og støtta dei lag og organisasjonar som treng det.**

## Sak 7: Budsjet 2020

Godkjent

## Sak 8: Val

Leiar:	Gard Egil Guttulsrød	attval 1 år
Styremedlem:	Torbjørn Kirkevold	ny 2 år
Styremedlem:	Øyvind Hauge Horge	attval 2 år
Styremedlem:	John L. Bøthun	ikkje på val
Styremedlem:	Liv Johanne Gram Steinbakken	ikkje på val
Varamedlem:	Solgun Haugen	attval 2 år
Varamedlem:	Ronja N. Brattebø	ny 1 år
Revisor:	Gunvor Lunde Breistøl	attval 1 år

Revisor: Anne Nedrehegg

attval 1 år

Valnemnd: Halvard Lunden

ny 1 år

### **Sak 9: Innkomne saker**

- *Vedtaksendring §6 – Utsending av innkalling i post og forandring av «Joker Borgund»*  
Forslag frå styret at sluttar å leggja innkalling til årsmøte i postkassene  
Endra til Borgund Nærbutikk

Endringar godkjent av årsmøte.

- *Oppussing kommunehus, status*  
Gard orienterte om status.  
Lærdal kommune som er byggherre og ikkje BU.  
Lærdal kommune sett av kr 300000. Fått kr 40000,- frå Østfold Energi i tillegg til  
noko arbeidskraft.  
Har midlar no til kjøkenet og handikapprampe framsida.

Forslag høyra med ØE om støtte til varmpumpa storsalen.

Forslag starta riving 1.august.

- *Vedtaksendring §2 – Forandring av «Oppland og Buskerud» til fylke.*  
Innspel på at endrar til nye fylkesnamna dvs Innlandet og Viken.

Endring godkjent av årsmøte.

- *§5 – Styret. Forslag om å utnevne val nemnd for styret i BU.*  
Forslag at endrar til at årsmøte velger valnemnd. Styret stiller med ein representant.  
1 person valgt på årsmøte kvart år. Valnemnda må finna person til valnemnda.  
Leiar i valnemnda skal vera den som er valt av årsmøte.

Må inn under §6 årsmøte i vedtektene.

Vedtaksendring godkjent av årsmøte.

- *Informasjon om diverse dugnads prosjekter i Borgund framover*  
Gard orienterte.  
Oppussing Borgund Samfunnshus.  
Borgund Sentrum – nærmiljøanlegg og forretningsutvikling  
Nærmiljøanlegg – fleirbrukshall og område rundt ballbingen  
Forretningsutvikling – få turistane/folk til sentrum òg.

Borgund elveeigarlag – Gapahuk

Borgund FAU – byta ut lavoen på skulegarden. Setta opp grillhytta i staden for.

Underskrifter:

Arnhild Mari Kvamme

Jostein Bøthun

Arnhild Mari Kvamme

Jostein Bøthun